# Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet

**Innkalling til møte**

Det blir hermed innkalla til møte i styringsgruppa for prosjektet «Frivillige tiltak i landbruket» på Haugalandet.

**Tidspunkt for møte: 13.03.2023, kl 1000 – 1300**

**Stad: Tysvær rådhus, Aksdal, møterom Sandsgård.**

Meld eventuelt forfall seinast 10.03.2023, kl 1000

Vel møtt!

Helsing

Anders Eidhammer

Prosjektleiar Frivillige tiltak i landbruket – Haugalandet

Adelheid Eikje

Leiar for styringsgruppa Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet

**Vedlegg:**

- Møtereferat 28.11.2022

**Mottakarar:**

| | |
|---|---|
| Signe Theilmann Jensen | Vindafjord kommune |
| Leif Kåre Solheim | Karmøy kommune |
| Britt Johnsen Pedersen | Karmøy kommune |
| Adelheid Eikje | Tysvær kommune |
| Lene Røkke Mathisen | Haugesund kommune |
| Ole Johan Vierdal | Vindafjord kommune |
| Jakob Eskeland | Bondelaget |
| Stig Arild Helgesen | Norsk bonde- og småbrukarlag |
| Bjørg Karin Dysjaland | Norsk landbruksrådgivning Rogaland |
| Monica Dahlmo | Statsforvalteren i Roglaland |
| Anneli Vatshaug Jenssen | Rogaland Fylkeskommune |
| Anders Eidhammer | Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet |

**Kopimottakarar:**

| |
|---|
| Postmottak Bokn kommune |
| Postmottak Tysvær kommune |
| Postmottak Karmøy kommune |
| Postmottak Haugesund kommune |
| Postmottak Vindafjord kommune |
| Postmottak Bonde- og småbrukarlaget |
| Postmottak Rogaland Bondelag |
| Postmottak Statsforvaltaren i Rogaland |
| Vassområdekoordinator Jæren |
| Frivillige tiltak i landbruket Jæren, v/Maya Runde Stølen |
| Landbruksrådgivar Sveio kommune v/Gjertrud Svartveit Osmundsen |
| Norsk landbruksrådgiving Rogaland |
| Peder Christiansen, Karmøy kommune |
| Marlin Øvregård Løvås, Tysvær kommune |
| Inger Kristine Volden, Haugesund kommune |
| Geir Øvernes, Bokn kommune |
| Steinar Eldøy, Rogaland fylkeskommune |
| Lin Veronica Jacobsen, Rogaland Fylkeskommune |

## Saksliste

- **Sak 1**
  Godkjenning av referat frå styringsgruppemøte 28.11.2023

- **Sak 2**

Runde «rundt bordet».

Kva skjer hjå dei ulike deltakarane i styringsgruppa?

Landbruksaktivitet hjå deltakarkommunane.

Prosjekt hjå Fylkeskommunen og Statsforvaltar.

Orientering frå prosjektleiar.

Orientering frå Vassområdekoordinator.

- **Sak 3**
  Årsmelding 2022 presenterast av prosjektleiar og skal godkjennast.

- **Sak 4**

Arbeids- og framdriftsplan for prosjektstilling «Frivillige tiltak i landbruket Haugalandet» 2023 skal godkjennast av styringsgruppa.

| Aktivitet | Kva | Tidsrom | Kommentar |
|---|---|---|---|
| Besøk hjå kommunane i prosjektet | Kartlegge fokusområder.<br><br>Bli kjent med lokale forhold.<br><br>Oppretthalde nettverk og kontakt med kollegaer i forvaltning, organisasjonar og bønder. | Heile året | Målet er besøk med 14 dagers mellomrom.<br><br>Arbeid opp mot å organisere større innsats mot gjødsellagring og silosafthåndtering i kommunane. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Opprette og oppretthalde kontakt med bønder, grunneigarar, grunneigarlag og liknande. | -Bli kjent med folk og lokale forhold.<br><br>-Skape nettverk<br><br>-Skape eit positivt og godt miljø for å få bønder og grunneigarar med på tiltak | Heile året | Prioriterer fysiske besøk framfor telefon. Viser seg ofte mest effektivt.<br><br>Auka fokus på dette frå januar og utover våren. |
| Teams og fysisk møte med FTIL Jæren. | -Meiningsutveksling, kunnskapsdeling, erfaringar og liknande.<br>-Fysisk besøk | Heile året<br><br>Invitere FTIL Jæren til fysisk besøk i 2023. | Vannområdekoord. har dialog med Jæren vannområde.<br><br>Målsetjing med 2 fysiske samankomstar pr. år. |
| Følgje opp Årvikelva | - Følger opp miljøvennlig gjødselspreiing rundt vassdraget. | Heile året. | Erfaringar kan nyttast andre plasser.<br>Bruke erfaring frå Langåkerprosjektet.<br><br>Målsetjing om 100% deltaking i miljøvenleg RMP-tilskot langs vassdraget. |
| Media/Facebook | Synliggjere prosjektet, sette lys på aktuelle saker. | Heile året | Synleggjering på Facebook med målsetjing om 4 innlegg pr. år relatert til prosjektet. |
| Kantvegetasjon og samarbeid med Sjøaure-prosjektet | -Organisere utplanting av kantvegetasjon.<br>- Oppfordre fleire grunneigarar til å ta vare på kantvegetasjon og å plante ny. | Mars - Desember | Målsetjing om å assistere utplanting om 1000 nye tre/buskar langs sjøaurevassdrag i 2023. |
| Dubberselva, Haugesund | Samordne Haugesund kommune og grunneigarar til å utarbeide nye leigeavtalar slik at vidare miljøarbeid kan skje. | Januar 2023-August 2023. | Organisere møte med forpaktarar og Haugesund kommune.<br><br>Målsetjing om gode avtalar og mijøvenleg fokus hjå samtlige leigetakarar. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Miljøavtalar | Følgje opp eksisterande miljøavtalar i Skjoldafjorden.<br>Arbeide for å få fleire med. | Heile året | Arbeide for å oppretthalde god praksis i gjødsellagring og handtering.<br><br>Fokus på beitegjødsling.<br><br>Assistere kommunane i oppfølging.<br><br>Målsetjing 3 nye deltakarar på miljøavtale i 2023. |
| Vindafjord | Miljøbesøk Vikedal. | Våren 2023. | Gardsbesøk med fokus på RMP og miljøvenleg gjødselspreiing.<br><br>Mål om 70% deltaking på miljøvenleg RMP-midler langs vikedalsvassdraget. |
| Karmøy | Fokus på Langåkeråna, Hilleslandsvassdraget, Stolsåna, Tjøsvollvatnet, Aksnesvassdraget.<br>I prioritert rekkefølge. | T.o.m september 2023. | Langåkerprosjektet. Vassprøvar og gjødselhandtering rundt vassdraget. Miljøbesøk våren 2023 Langåkervassdraget.<br><br>Mål om 100% deltaking i miljøvenlege RMP-midler blant bønder i nedslagsfeltet til Langåkeråna. |
| Tysvær | | | |
| Bokn | Oppstart av koordinert innsats av vannområdekoordinator og FTIL for å sondere moglegheiter for tiltak i kommunen. | | Målsetjing om minst EITT miljøvenleg tiltak for vassdrag på Bokn i 2023. |
| Arbeide med finansieringa av prosjektet vidare, og arbeide med å påverke politikarane i deltakarkommunane til å støtte prosjektet vidare. | | Heile året. | |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alle område | Auka fokus på handtering av husdyrgjødsel, gjødsellagring og miljøvenleg spreiing.<br><br>Oppmuntre og informere om søkbare midler via RMP og SMIL. | 01.januar – 01. juli | |
| Følgje opp enkeltsaker i kommunane. Assistere landbruks-og miljøavdeling i kommunane vedrørande saker i vassdrag. | | Heile året. | SMIL, RMP, spørsmål angåande tiltak, fungere som bindeledd mellom forvaltning og grunneigarar. |

- **Sak 5**

  **Vedta prosjektplan 2023 som blei framlagt førre styringsgruppemøte.**

- **Sak 6**
  **Vegen vidare for prosjektet.**

  Det er ordna finansiering for 2023. Prosjektleiar har arbeidskontrakt fram til 01.januar 2024 og har kontor i Aksdal fram til dette.

  - Tysvær kommune har foreløpig ikkje satt av middel til finansiering i verken 2023 eller 2024.
  - Korleis kan ein få med Tysvær vidare om prosjektet skal vidareførast i 2024?
  - Om Tysvær ikkje er med blir det ekstrakostand for dei andre deltakarane i prosjektet. Korleis stiller deltakarane seg til det?
  - Aktuelt med ei redusert stilling for prosjektleiar for å få vidareført prosjektet?

  - Kva er vegen vidare for prosjektet?

  - Er det ønskeleg for deltakarane i Styringsgruppa at prosjektet held fram i 2024 og vidare? Er prosjektet vesentleg for vassmiljøet på Haugalandet?
  - Vegen vidare etter 2024 bør landast i starten av 2024, og må planleggjast frå no av. Om ein skal påverke politikarane i kommunane må det arbeidet startast snarast mogleg.

- Prosjektleiar går no i midlertidig stilling, og det er ynskjeleg å kunne planlegge arbeidslivet lenger enn 2023. Bør ein vurdere å gjere prosjektet til ei fast stilling på eit tidspunkt?

# Eventuelt?

- **Aktuelt å halde faglege innlegg på styringsgruppemøtene?**
- **Kan NLR for eksempel ha noko innhald til nytte for styringsgruppa?**
- **FTIL Jæren kan t.d. foredra om silosaftprosjektet sitt.**

**Vedta neste styringsgruppemøte.**
**Forslag; september 2023.**